

SU-rapporten

2024-25

– Status for arbeidet i Sunnfjord
Utvikling



SUNNFJORD
UTVIKLING

Innhold

1 Samandrag	3
2 Strategisk næringsplan og selskapsstrategi.....	5
3 Førstelinje og innovasjon.....	7
4 Oppsummering prosjektaktivitetar 2024 og 2025.....	9
5 Rekneskap 2024 og budsjett 2025.....	17
6 Om Sunnfjord Utvikling.....	18

1. Samandrag

I denne årsrapporten vil vi drøfte aktiviteten til Sunnfjord Utvikling i lys av samfunnsutviklinga i regionen og gjeldande strategiar som legg føringar for arbeidet i selskapet. Rapporten gjev også eit utfyllande bilete av aktivitetane til selskapet i 2024 og 25, samt på økonomi.

Med bakgrunn i strategisk næringsplan for kommunen og selskapsstrategien skal Sunnfjord Utvikling (nærare omtala i **kapittel 2**) bidra til ei positiv og verdiskapande utvikling i kommunen og regionen. Selskapet har ein viktig funksjon som kommunen si førstelinje for gründerar og nyetablerarar, og bidreg med både råd og rettleiing i tillegg til løyvingar frå næringsfond (nærare omtala i **kapittel 3**).

Sidan kommunesamanslåinga 1. januar 2020 har folketalet i kommunen auka med vel 500 menneske, og 212 av desse kom i 2024. Ei viktig årsak til utviklinga i 2024 er mineralverksemda på Engebø. Til trass for ein tilfredsstillande folkeauke i 2024 er det ikkje tvil om at trendane utfordrar oss: Krevjande kommuneøkonomi og demografiske utfordringar som krev grep i mellom anna skulestruktur, skapar uro blant innbyggjarar og næringsliv. Kampen om synlegheit og arbeidskraft hardnar til. Og urbansieringskreftene, spesielt frå Osloregionen, i kombinasjon med overinvesteringar innan privat næringseigedomar i Førde, tydeleggjere behovet for å skape vekst i første enden av verdikjeda– drivarane.

Drivarane for verdiskaping i Sunnfjord kommune kan delast i to kategoriar:

1. Innbyggjarar i regionen/Sogn og Fjordane og det dei har å leve av. Dette er godt illustrert av at Helse Førde, som den viktigaste arbeidsplassen i kommunen, har om lag 100 000 brukarar, men berre 10 000 av desse bur i Førde.
2. Andre drivarar er næringsliv og offentlege institusjonar som lever av ein marknad utanfor regionen. Desse tilfører ressursar utanfrå inn til kommunen og legg grunnlag for anna næringsliv. Døme på slike drivarar er Tibber, Nordic Mining og statlege verksemdar som Lotteritilsynet og Norec. Desse aktørane er også gode døme på gründerånd både i privat og offentlig verksemd.

Fram til no har tilgang på rimeleg arbeidskraft vore styrande for lokalisering av produksjon i verda. Kombinasjonen av miljø- og klimautfordringar, global uro og KI/robotisering gjere til at vesten riggar seg for å ta ein større del av produksjonen tilbake.

Sunnfjordregionen har, etter Sunnfjord Utvikling sin oppfatning, store fortrinn som gjer at vi kan ta del i denne utviklinga; Vi har naturressursane, industri- og teknologikompetanse og eit sterkt offentlig fagmiljø. Når desse kvalitetane blir kopla med eit næringsliv som evnar å ta tak i desse moglegheitene, så styrkjer ein lokale verdikjeder og oppnår mellom anna arbeidsplassvekst i tenesteytande næringar. Ikkje minst har vi ei handelsnæring og bygg- og anleggsnæring som er dyktige på å skape synergjar ut av drivarane.

Ei viktig oppgåve for Sunnfjord Utvikling er følgeleg å peike på dei store moglegheitene regionen har og støtte opp under noverande og nye drivarar slik at vi har eit godt næringsgrunnlag også i framtida.

For å kunne nyttiggjere seg av desse fortrinna er regionalt samarbeid sentralt. I programmet Invest in Fjordane som SU administrerer, samarbeider 11 kommunar om å marknadsføre næringsareala sine for investorar og å ta tak i utfordringane knytt til mangel på fornybar energi. Samarbeidet er viktig både for næringslivet, kommunane og for nærings- og samfunnsutviklingsapparatet. Sunnfjord og kommunane rundt oss utgjere i stor grad ein felles bu- og arbeidsmarknad. Verksemdene i Sunnfjord kommunen leverer i stor grad varer og tenester internt i regionen. Kommunane rundt har tilsvarande eit næringsliv som i større grad er eksportretta. Dette illustrerer den symbiosen og gjensidige avhengigheita som pregar næringslivet i heile regionen og kvifor det er viktig å arbeide for å styrke heile regionen.

I kampen om arbeidskrafta er ikkje regionen sine fortrinn og regionalt samarbeid nok. Våre tettstader må tilby attraktive bu- og arbeidsmiljø. Det handlar om attraktivitet og derfor er mange av Sunnfjord Utvikling sine prosjekt retta inn nettopp mot dette. Mange snakkar om dei tre T'ane som føresetnad for å byggje kreative byar og regionar: Talent, Teknologi og Toleranse.

Kampen om arbeidskrafta blir hard framover og skal vi lukkast blir følgjande avgjerande: Vi må tilby spennande arbeidsplassar for begge ektefellar, det må vere lønsame arbeidsplassar som gjev vekst og grunnlag for bl.a. ein god bustadmarknad og det må vere ein velfungerande kveldsøkonomi som gjere det kjekt å bli verande i kommunen.

I **kapittel 4** i denne rapporten omtalar vi dei fleste prosjekta som Sunnfjord Utvikling arbeider med for tida. Dette er ei omfattande liste på eit 20 tals prosjekt. Aktivitetsnivået i selskapet er særst høgt basert på ei bemanning på om lag 5 årsverk (2025), inkludert Invest in Fjordane og Helseklynge.

I **kapittel 5** omtalar vi rekneskapen for 2024 og budsjettet for 2025. I 2024 hadde selskapet eit aktivitetsnivå (omsetnad) på knapt kr 12 mill. og i 2025 er det budsjettet med eit aktivitetsnivå på knapt kr 20 mill. I tillegg til dette kjem aktiviteten i Visit Fjordkysten og Sunnfjord på vel kr 6 mill. der Sunnfjord Utvikling eig 45% av aksjane og Sunnfjord Utvikling overfører ca. kr 1,3 mill. av sitt bidrag frå Sunnfjord kommune til dette selskapet. I tillegg kjem også den venta aktiviteten i Hub for Minerals som på årsbasis vil representere ein aktivitet på ca. kr 4,5 mill.

Av aktivitetsnivået i 2024 utgjere vel kr 6,5 mill. overføring frå Sunnfjord kommune. Denne overføringa er i 2025 på kr 6,8 mill. Til samanlikning utgjorde aktivitetsnivået til selskapet i 2020 kr 8,3 mill., og av dette var bidraget frå Sunnfjord kommune knapt kr 6,5 mill. I 2020 var også reiselivsaktiviteten inkludert i Sunnfjord Utvikling. Denne vart flytta over i Visit Fjordkysten og Sunnfjord i 2022.

Den økonomiske situasjonen til Sunnfjord kommune er, som kjent, krevjande og det er foreslått betydelege innsparingar framover. Det er ikkje unaturleg at dette også råkar Sunnfjord Utvikling. Dei føreslegne innsparingane i overføringane til Sunnfjord Utvikling er likevel relativt store i høve til dei samla innsparingsmåla til kommunen.

Uavhengig av kva som blir dei endelege kutta, arbeider administrasjon og styret med å redusere det kommunale bidraget sin relative del av det totale aktivitetsnivået i selskapet. Som det går fram av ovannemnde har selskapet hittil lukkast godt med det arbeidet, men det blir arbeidd med regionale løysingar samt å få inn større bidrag frå næringslivet for å styrke det viktige arbeidet som Sunnfjord Utvikling utfører. I den samanhengen må dei betydelege bidraga til ulike prosjekt i Sunnfjord Utvikling frå dei to Sparebankane i regionen/Sparebankstiftinga trekkjast fram som særst verdifulle.

Førde, 16. juni 2025

John Helge Lunde
Styreleiar

Gunhild Berge Stang
Dagleg leiar

2. Strategisk næringsplan og selskapsstrategi

Strategisk næringsplan vart vedteken 2024 og legg dei overordna føringane for alt næringsarbeid i kommune og Sunnfjord Utvikling. Planen byggjer på eit solid kunnskapsgrunnlag og omfattande dialog med næringslivet i kommunen.



Fig 1. Strategisk næringsplan for Sunnfjord kommune 2024-2027

Sunnfjord Utvikling AS skal bidra med sitt til at vi når målsettingane i strategisk næringsplan. Selskapet har på bakgrunn av kommunedelplanen vedteke ein selskapsstrategi som tydeleggjere Sunnfjord Utvikling si rolle og prioriteringar. I denne planen står det som hovudambisjon:

“vi skal styrke samarbeidet og utvikle drivarane i regionen”.

- ✓ Sunnfjord Utvikling skal vere eit verkemiddel for kommunane og næringslivet i regionen for å bidra til ei positiv utvikling gjennom eit berekraftig næringsliv og attraktive lokalsamfunn
- ✓ Vi i Sunnfjord Utvikling skal vere pådrivaren og bidra til å løfte regionen framover. Vi skal skape og løfte i lag med andre om å vere attraktive og levedyktige
- ✓ Skil regionen lukkast må vi prioritere dei knappe ressursane vi har til å løfte fram og byggje opp under drivarane i regionen
- ✓ Naturressursane våre er eit viktig grunnlag for å utvikle eksisterande og nye drivarar, vi må evne å balansere både utvikling og vern for å skape ein berekraftig region som innbyggjarar og næringsliv ønskjer å etablere seg i.

Ambisjon	- Arbeide for å realisere satsingane i strategisk næringsplan for Sunnfjord kommune - Arbeide for å realisere større industrisatsingar og ei spissa satsing mot andre drivarar i regionen, som regionale og nasjonale offentlege aktørar - Utvikle eit selskap med hensiktsmessig selskapsstruktur – rigga for satsingar og finansiering		
Strategiske prioriteringar	Bygge region - Bidra aktivt til å løfte og lede an i større regionale prosjekt - Styrke samarbeidet og nettverk/-økosystem med andre «utviklingsaktørar/ verkemiddelapparatet»	Styrke organisering, kompetanse og kommunikasjon - Tilpasse organisering og selskapsstruktur for å realisere større satsingar og finansieringsmoglegheiter - Styrke kompetansen og fagrolla som utviklingsaktør og utvikle eit sterkare økosystem rundt selskapet for å sikre realisering av større satsingar - Styrke kommunikasjonsarbeidet gjennom kunnskapsformidling om prosjekt og satsingar i regionen - Sikre god forankring av aktiviteten og satsingar hjå eigarar og næringsliv	Realisere HUB for Minerals og Invest in Fjordane - Sikre etablering og utvikling av HUB for Minerals AS - Utvikle HUB rolle i Grøn Region Vestland - Utvikle industrikllynge og nasjonalt kompetansemiljø på mineralnæring - Styrke satsinga på Invest in Fjordane
Fundament	Våre prioriterte berekraftsmål - menneske, innovasjon, lokalsamfunn og samarbeid Våre verdiar er - ekte, engasjerte, handlekraftige		

Fig 2: Selskapsstrategi for Sunnfjord Utvikling 2024-2028

3. Førstelinjeteneste og innovasjonsarbeid.

Etableraroppfølging

Tal gründerar som tek kontakt har vore aukande siste året. Vi har hatt møte med mange personar som ønskjer å etablere eiga bedrift. I tillegg får vi henvendingar gjennom «Ei dør inn» - innovasjon Norge si løysing for verkemiddelapparatet. Vi utarbeider også næringsfaglege vurderingar til NAV.

Innovasjonsveka Opp

Innovasjonsveka Sunnfjord er i samarbeid med Kunnskapsparken Vestland. Innovasjonsveka 2024 bar tittelen **"Sunnfjord i Verda"**, og sette søkjelys på korleis bedriftene i regionen spelar ei rolle i ein større, global samanheng. Gjennom arrangement med tema som industri, teknologi, helse og forskning, samt kultur- og opplevingsinnovasjon, samla vi over 180 deltakarar frå ulike miljø og bransjar. SU og Kunnskapsparken er i full gang med å planlegge ny Innovasjonsveke til hausten.



Fjord impact Lab

Nærings- og ringverknadsanalysen for Sunnfjordregionen peika på at regionen manglar eit akseleratorprogram for bedrifter som har skaleringspotensiale. Sunnfjord Utvikling har i samarbeid med mellom anna Peak Venture og TERRAVERA Foundation utvikla eit forprosjekt for ein akselerator i Sunnfjord der målgruppa er norske startups som utviklar berekraftige løysingar basert på naturressursar. Målet er få verksemdene raskare over ein skaleringsfase for å utløyse verkspotensialet. I 2025 vert det

arbeidd med å finansiere eit hovudprosjekt. Så langt har Vestland fylkeskommune forplikta seg med å gå inn med 1,5 mill. kroner til denne satsinga.

Næringsfond, Jølstrakraftfond og Gaularfondet

I 2024 valde vi å stengje fonda i påvente av at dei vart større. Næringsfondet har ikkje fått tilført nye midlar sidan 2020, men det har fått tilbakeført tildelte midlar som ikkje har blitt tatt ut. I 2025 har vi innvilga løyvingar frå næringsfondet på ca kr 1,1 mill. Vert alle desse midlane henta ut frå fondet, så er det tomt. Våren 2025 fekk fonda såpass påfyll at dei vart lyste ut. Det var til saman 40 søknader til fonda. Det er svært mange gode søknader og det er tilsvarande arbeidskrevjande å handsame desse slik at søkjarane får ei rettviss og grundig tilbakemelding

Næringshagetilbod i Sunnfjord

Sunnfjord er den einaste regionen som ikkje har eit eige næringshageprogram. Som mellombels løysing på dette samarbeider Sunnfjord Utvikling med Kunnskapsparken, Aksello og dei andre næringshagane i Sogn og Fjordane om å gje eit næringshagetilbod til aktuelle bedrifter i Sunnfjord-regionen.

Ungt entreprenørskap:

Sunnfjord Utvikling deltok i fylkesmeisterskapet for Ungt entreprenørskap der vi sat i juryen som kåra årets beste ungdomsbedrift.

4. Oppsummering prosjektaktivitetar 2024-2025

Det har vore stor aktivitet i Sunnfjord Utvikling i året som har gått. Nedanfor vert dei største prosjekta presentert, samt ei oversikt over andre prosjekt som er i Sunnfjord Utvikling si portefølje. Dei fleste prosjekta er i samarbeid med fleire aktørar. I nokre tilfelle er vi prosjekteigar og i andre tilfelle prosjektdeltakarar.

Nr	Prosjekt		
1	Invest in Fjordane	14	Tilleggsnæringar Landbruk
2	Hub for Minerals	15	Fårikålens dag
3.	Helseklynge Sogn og Fjordane	16	Etablerarhjelp
4	Merkevare Sunnfjord	17	Næringsfond, Jølstrafond og Gaularfond
5	Vestpiloten	18	Elevate Karrierefestival
6	Studentjobb	19	Heilekonferansen
7	Remote Sunnfjord	20	Påsketreff
8	Innovasjonveka Opp Sunnfjord	21	VM-vektløfting
9	Fjord Impact Lab	22	Campus Førde Verftet
10	Styrekandidat Vest	23	E-39 utval
11	Unge Leiarar	24	Visit Fjordkysten og Sunnfjord
12	Landbrukskonferansen	25	Eigedomsprosjekt – statlege arbeidsplassar
13	Tilleggsnæringar landbruk	26	Destinasjon Jølster

4.1 Invest in Fjordane

2024 er året Invest in Fjordane verkeleg vart sett i gang. Eit viktig steg var lansering av eiga nettside – investinfjordane.no – som verktøy for synleggjering av regionen og næringsareal, og for å marknadsføre Fjordane som eit attraktivt område for grønne investeringar.

Ei sentral prioritering har vore arbeidet med kraftanalyse, då tilgang på kraft er ei av dei største utfordringane for vidare industriutvikling i regionen.

Prosjektet har delteke aktivt i nasjonale og regionale nettverk som Invest in Vestland, Invest in Norway, Grøn Region Vestland og TSM – Toward Sustainable Mining, og har vore synleg på møteplassar som Arendalsveka og ONS. Prosjektet har bistått kommunar og fylkeskommune i arbeidet med profilering og hatt møte med fleire industrimiljø og kommunar om kraft, areal og potensiell næringsetablering.

Gjennom nettside, målretta marknadsføring og tett samarbeid i verkemiddelapparatet, er det etablert eit sterkt og tydeleg nettverk for felles innsats. Invest in Fjordane har blitt ein synleg og relevant aktør i regionale og nasjonale prosessar.

4.2 Rekruttering og attraktivitet

Elevate 2024 og 2025

Sunnfjord Utvikling har i samarbeid med Framtidsfylket AS og Sunnfjord U40 arrangert Elevate Karrierefestival – ein firedagars festival med totalt 12 arrangement, dei fleste fullbooka. Målet har vore å rekruttere kompetanse til regionen, styrke koplinga mellom næringslivet og potensielle arbeidstakarar, og vise fram både karrieremoglegheiter og sosiale arenaer i Sunnfjord.

Festivalen har involvert 25 bedrifter, og løfta fram breidda i næringslivet, med særleg fokus på bransjar som bygg og anlegg, yrkesfag og juss. Det vart produsert sju bedriftsfilmar med Tiril (11 år) i hovudrolla og tretten korte videoar (reels) frå arrangementa, som til saman har nådd over 185 000 personar og blitt sett i meir enn 318 timar.

23 deltakarar bad om vidare kontakt med bedrifter dei møtte under festivalen. Den nye nettsida for festivalen fekk over 19 000 visningar i løpet av fire veker. Festivalen har med dette bidrege til både rekruttering, nettverksbygging og bulyst i Sunnfjord. Elevate 2024 fekk nasjonal utmerking for kreativ måte å drive «employerbranding» under Magnet Awards 2025.

Festivalen er nyleg gjennomført i 2025. Vi har fått til nok ei veke med mange arrangement. Nærare omtale kjem etter oppsummering.



Profilering/Merkevare Sunnfjord

Det har lenge vore etterlyst frå næringsliv at vi manglar ei god merkevare som synleggjere kommunen og regionen. Dette er særleg viktig når ein skal rekruttere arbeidskraft utanfrå. Vi har sett at stadig fleire vel å utvikle regional merkevare: i Nordfjord, Sogn, Hardanger-Voss, Sunnhordland.

Sunnfjord Utvikling tok difor initiativ til å få til ein merkevare for Sunnfjord-regionen. Dette arbeidet er svært omfattande og det har vore viktig å trekke inn solid kompetanse på merkevarebygging. Det har vore halde fleire workshops for ideinnspeil og forankring. Etter ein anbodsrunde valde vi å gå i samarbeid med BigFish om utvikling av profil, og konsept. Merkevare Sunnfjord vart lansert juni 2024. Sidan då har ein arbeidd med å tilrettelegging for bruk, samt skaffe finansiering til vidare utvikling av arbeidet. Det har også vore prioritert å ha dialog med aktørar i Fjaler, Askvoll og Kinn, med mål om at merkevare vert brukt i heile regionen. Målet er å byggje eit sterkt og godt Sunnfjordlag der alle blir løfta fram og alle heiar på kvarandre.

Vestpiloten

Vestpiloten er eit samarbeidsprosjekt mellom Sunnfjord Utvikling, Framtidsfylket, Sogn Næring og Nordfjordkompaniet. På oppdrag frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har partnerane tatt på seg å utgreie korleis rekrutteringsarbeidet i regionen kan bli betre og meir samordna, og regionen kan bli meir synleg og betre til å trekke til seg arbeidskraft.

Bakgrunnen for satsinga er at det er svært mange aktørar som arbeider med rekruttering på ulike måtar, både regionalt og lokalt. Utfordringa er at dette er forvirrande for næringslivet og synlegheita til regionen druknar i manglande felles kommunikasjon. Til samanlikning har 64 kommunar i Oslofjordregionen samla seg for å byggje synlegheit. I samarbeid med Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane skal partnerane difor utforske korleis arbeidet med rekruttering og synlegheit kan forsterkast.

Rekrutteringskonferansen Folka

Saman med Framtidsfylket, Nordfjordkompaniet og Sogn Næring er Sunnfjord Utvikling medarrangør av rekrutteringskonferansen Folka. Denne konferansen vart gjennomført for andre gong i oktober 2024 og arbeidet med ny konferanse hausten 2025 er i gong. Dette konferansen rettar seg mot dei som arbeider direkte med rekruttering på arbeidsplassane. Oppslutnaden har så langt vore svært god med deltakarar frå heile Sogn og Fjordane. I 2024 var det rundt 150 deltakarar.

Studentjobb

Prosjektet Studentjobb er i samarbeid med HVL. Målet med satsinga er å kople studentar med lokalt arbeidsliv gjennom at næringslivet tilbyr studentar sommarjobb. Prosjektet starta i 2022. I 2024 arrangerte vi eit Matchmaking-arrangement mellom studentar og bedrifter i august 2024. Det deltok 8 bedrifter på arrangement. SU, HVL og Peak gjennomførte tilsvarande arrangement på Peak i 2025.

Remote Sunnfjord

Gjennom Remote Sunnfjord tilbyr vi gratis arbeidsplass dersom det utløyser at ein flyttar til Sunnfjord. Tilbodet har vore godt brukt og viktig å tiltrekke seg par der den eine har fått jobb, til dømes i Helse Førde. Tilbodet har vore avhengig av eit godt samarbeid med Peak Sunnfjord som har sponsa satsinga med å tilby areal vederlagsfritt.

Styrekandidat Vest

Styrekandidat Vest har som mål å bidra med styrekompetanse, styrke mangfald i styrerommet og byggje gode lokale styrekandidatar i regionen vår. Satsinga er i samarbeid med Advokatfirmaet Tollefsen, Framtidsfylket, Sogn Næring og Høyanger Næringsutvikling. I samband med Elevate 2025 vart det mellom anna arrangert styrekurs for både nybyrjarar og vidarekomne.

Unge Leiarar

Unge Leiarar er eit leiarprogram som Sunnfjord Utvikling organiserer på oppdrag frå Agenda Vestland. Programmet skal bidra til leiarutvikling i Sogn og Fjordane og målgruppa er leiarar under 40 år. Programmet er 3 årig og starta i 2024. Det var plass til 35 deltakarar. Det var stor konkurranse om å få delta då programmet hadde over 100 søkjarar.



4.4 Hub for Minerals.

Arbeidet med å få i gong Hub for Minerals har hatt høg prioritet i SU i åra 2022-25. Hub for Minerals/(tidlegare Sunnfjord Mineralinkubator) har som mål å bidra til verdiskaping gjennom identifisering, vidareutvikling og kommersialisering av idear i nye eller etablerte verksemder i verdikjeda knytt til mineral og bergverk. Naustdal og Askvoll kommune vedtok i 2011 reguleringsplanen for Nordic Mining si etablering på Engebø. Samtidig som reguleringsplanen vart vedteke, etablerte vertskommunane, Nordic Mining og fylkeskommunen ein felles ambisjon om at dette skulle være startskotet for ei grøn og framtidsretta mineralnæring.

Målet er effektiv utnytting av restmassar, etablering av nye verdikjeder, og at ein legg til rette for ringverknader og regional/ nasjonal verdiskaping.

På oppdrag frå partnarane har Sunnfjord Utvikling hatt rolla som sekretariat. Det vil seie å utvikle forprosjekt og hovudprosjekt for satsinga og å utarbeide søknader på finansiering. SU har også jobba mykje med å forankre satsinga regionalt og nasjonalt - og fått satsinga etablert som ein hub i Grøn region Vestland. I Hub for Minerals blir i 2025 også jobba med satsingar der ein ser på moglegheitene for bruk av restmassar i betongproduksjon, og ein ny nærings- og ringverknadsanalyse av Engebø-etableringa.

2025 er også eit gjennombrøtsår for nasjonal merksemd rundt satsinga. I samband med handsaming av ny minerallov i Stortinget har Stortinget lagt inn følgjande merknad:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Rødt, har merket seg initiativet som Vestland fylkeskommune har tatt gjennom Grøn Region Vestland og prosjektet «Hub for Minerals», som skal arbeide for å utvikle ledende kompetanse innen bærekraftig mineralutvinning blant annet ved å fokusere på å utnytte restmineraler, utvikling av ulike fagutdannelser og forskning og innovasjon knyttet til bruk av restmasser i andre verdikjeder. Det er viktig at dette prosjektet blir løftet opp og videreutviklet, innenfor rammene av en samlet nasjonal satsing på framtidens norske bærekraftige mineralvirksomhet».

4.5 Helseklynga Sogn og Fjordane

Sunnfjord Utvikling har teke på seg prosjekteigaransvar for eit større satsing for å utvikle ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge, men det er eit breitt partnarskap som står bak satsinga. Føremålet med klynga er auka verdiskaping gjennom å jobbe saman om utvikling av nye tenester og produkt for å løyse utfordringar i helsesektoren. Dette gjere vi å ved å styrke samhandlinga mellom utdanning, helsesektor, næringsliv og interesseorganisasjonar med utgangspunkt region Sogn og Fjordane. Prosjektet er treårig og prosjektleiar Gro Rukan vart tilsett i mai i SU og har starta arbeidet.

4.6 Landbruk

Landbrukskonferansen

Sunnfjord Utvikling i samarbeid med Sunnfjord kommune arrangerte Landbrukskonferansen for andre år på rad i november 2024. Konferansen er eit samarbeid mellom Sunnfjord Utvikling og Sunnfjord kommune. Det var ca. 120 deltakarar. Tema på konferansen omfatta både tradisjonelt landbruk og tilleggsnæring i landbruket.

Prosjekt tilleggsnæringar i landbruket

Vi har utarbeidd eit spørjeskjema som skal hjelpe oss i kartlegginga av tilleggsnæringar i landbruket. Sjølv kartlegginga er utsett til hausten 2025.

Landbruksplan

Sunnfjord Utvikling har vore med i arbeidsgruppa som har utarbeidd ny temaplan for Landbruk 2024-2034. Planen har vore ute på høyring med frist for innspel mars 2025.

“Fårikålens dag”

Vi planlegg eit mat- og landbruksarrangement laurdag 4. oktober 2025 som vil få tittelen Fårikålens dag. Arrangementet skal synleggjere verdiane i heile sauene og matproduksjon i Sunnfjord. Vi skal løfte fram den lokale landbruksnæringa, skape stoltheit, og inspirere til rekruttering og vidareforedling. Gjennom matservering, film, aktivitetar og sal av lokalmat skal vi gi publikum ei oppleving av kva landbruket bidreg med – både kulturelt og økonomisk. Sildebordet i Flora er eit godt døme på kva Førde kan gjere med fårikålen. Her kan også dei som tek ulla i bruk - strikkebutikk, husflid osv bruke dagen, slik at vi får synleggjort sauene som ressurs i vid forstand.

Arrangementet er forankra i eit breitt samarbeid mellom næringslivet, landbruksorganisasjonane, Nortura, Førde vidaregåande skule m. fl. Vi har allereie etablert ei styringsgruppe og prosjektleiar er på plass.

4.7 Andre aktivitetar og arrangement

Sunnfjord U40

Sunnfjord U40 er eit nettverk for unge som bur eller jobbar i Sunnfjord kommune og ønskjer å byggje nettverk, skape aktivitet og bidra til kompetanseutveksling. Dette har vist seg å vere blant dei viktigaste tiltaka som Sunnfjord Utvikling drog i gong i prosjektet Rekrutteringsforum. Stor del av deltakarane er tilflyttarar og vi får tilbakemelding frå bedrifter om at tiltaket har vore viktig for å behalde arbeidskraft. Etterkvart har det vore eit mål at nettverket er meir sjølvgåande og baserer seg på frivillighet, medan Sunnfjord Utvikling tek ei mindre rolle enn i oppstarten.



Heilekonferansen

Heilekonferansen samlar rundt 300 representantar frå næringslivet i heile Sogn og Fjordane. FINS er eigar av Heilekonferansen, men gjennomføringa er eit stort spleiselag mellom bedrifter i Førde. Sunnfjord Utvikling er ein del av spleiselaget og bidreg med arbeid i planlegging og gjennomføring

FINS sekretariat

FINS kjøper tenester av Sunnfjord Utvikling til sekretariatsoppgåver.

Praktisk berekraft i små bedrifter

I samband med «Grøn region Vestland» arbeider Sunnfjord Utvikling for å bidra til omstilling i det lokale næringslivet. Kurset «Praktisk berekraft» skal bidra til at bedrifter meir effektivt skal kome i gang og lukkast med berekraft i tråd med nye krav og forventningar. Det vil styrke selskapet si konkurransekraft. Tilbakemeldingane frå dei bedriftene som har delteke har vore gode og Sunnfjord Utvikling vil i 2025 ta ei ny runde med eit grunnleggande kurs for å hjelpe små bedrifter i gang med berekraftsarbeidet.

VM vektløfting

Sunnfjord Utvikling deltek i arbeidet med VM-vektløfting gjennom at dagleg leiar i SU sit i styret for arrangementet. VM-organisasjonen har også kjøpt nokre tenester frå SU til gjennomføring av Kick-off arrangement og Arrangementskonferansen i hausten 2024

Folkefest i Sentrum Sør

På oppdrag frå Sunnfjord kommune arrangerte Sunnfjord Utvikling folkefest i samband med opninga av Sentrum Sør august 2024. Arrangementa gjekk over tre dagar og bidrog til å synleggjere kor flott Sentrum Sør er blitt og kva moglegheiter som ligg i dette byrommet.

Påsketreff

I veka før påska 2024 inviterte Sunnfjord Utvikling i samarbeid med Fins til påsketreff for næringslivet. Nærare 60 representantar frå næringslivet deltok. Treffet vart lagt til Campus Verftet. Deltakarane fekk informasjon om aktiviteten på verftet og det var også eit godt høve til å informere om aktivitet i SU og FINS.

Vi inviterte også til påsketreff i 2025, men då hos Magne Hafstad som også fortalte om si verksemd. Arrangementa var fullteikna.

E39 Stamvegutvalet

I 2024 var det høg aktivitet i utvalet. Fylkeskommunen har teke over sekretariatrolla, men Sunnfjord Utvikling har ansvar for arrangement og lokal aktivitet. I januar arrangerte vi frukostmøte i Oslo. Vi var også med å arrangere konvoi opp Halbrendslia for å markere behovet for ny E39 gjennom Førde.

Opning Mission Zero:

Sunnfjord Utvikling var med i arbeidsgruppa som planla opning av Mission Zero i februar 2025. Vi hadde ansvaret for organisering av det praktiske rundt arrangementet, samt biletetaking under arrangementet.

Visit Fjordkysten og Sunnfjord AS

Sunnfjord Utvikling eig 45% av selskapet og deltek i styrearbeidet til selskapet.

Campus Førde Verftet

Dagleg leiar i Sunnfjord Utvikling sit i styret for Campus Verftet. SU har teke fleire initiativ for å løfte satsinga – gjennom arbeidet for å få lokalisert eit nasjonalt senter for yrkesfag, yrkesfagmesse, samt i selskapet sitt strategiarbeid. I den samanheng har det mellom anna vore arbeid med å sjå på eit sterkare samarbeid mellom Campus Verftet og Hub for Minerals.

Destinasjon Jølster

I strategisk næringsplan er det eit ambisjon å løfte Jølster som reiselivsdestinasjon. Så sant det ressursmessig let seg gjere ønskjer Sunnfjord Utvikling i samarbeid med dei relevante aktørane å starte dette arbeidet hausten 2025.



Eigedomsbransjen - ledig potensiale

Det er eit faktum at det er eit betydeleg tal kvm med ledige kontorlokale i Førde. Dette er naturlegvis ei utfordring for eigedomsaktørane og det vil redusere framtidige investeringar innan eigedom som igjen har konsekvensar for andre bransjar. På den andre sida representerer dette arealet også moglegheiter.

Sunnfjord Utvikling vil derfor i 2025 invitere eigedomsbransjen til eit møte med tanke på å få etablert eit prosjekt for å arbeide med moglege løysingar på situasjonen. I realiteten er dette ei utfordring for

ein samla bransje og for lokalsamfunnet. Samarbeid for å løyse utfordringane er her som elles eit godt utgangspunkt. Sunnfjord Utvikling ønskjer også i denne samanheng sjå på korleis Førde kan bruke sitt fortrinn som god lokalitet for statlege arbeidsplassar for å posisjonere seg vidare for statleg verksemd.

5. Rekneskap 2024 og budsjett 2025

Rekneskapen til Sunnfjord Utvikling vert revidert årleg, og det er dei reviderte tala som blir presentert i rapporten.

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Budsjett 2025
Driftstilskot	6 555 080	6 272 802	6 810 726
Prosjektinntekter	5 165 710	3 409 576	12 963 634
Sum driftsinntekter	11 720 790	9 682 378	19 774 360
Prosjektkostnader	3 605 864	2 231 537	10 417 000
Lønnskostnad	5 491 475	5 767 407	5 852 524
Avskrivning på varige driftsmidler	23 800	23 800	41 000
Annen driftskostnad	2 625 660	2 441 819	3 321 633
Sum driftskostnader	11 746 799	10 464 563	19 632 157
Driftsresultat	-26 009	-782 185	142 203

6. Om Sunnfjord Utvikling

Styret i Sunnfjord Utvikling

Styret for perioden 2024/2025 vart valt på den ordinære generalforsamlinga 12. juni 2024;

- John Helge Lunde - styreleiar
- Jenny Følling - nestleiar
- Reiel Haugland
- Anne Lilleaasen
- Henrik Norddal
- Rolf Sanne-Gundersen
- Jorunn Skrede Klakegg

Etter valet på den ordinære generalforsamlinga 16. juni 2025 er styret for 2025/2026 samansett slik;

- Tore Dvergsdal - styreleiar
- Jenny Følling - nestleiar
- Anne Lilleaasen
- Henrik Norddal
- Reiel Haugland
- Sigrid Anette Førde
- Jorunn Skrede Klakegg

Tilsette

Sunnfjord Utvikling har i dag 5 tilsette;

Gunhild Berge Stang - dagleg leiar/prosjektleiar

Astrid Marie Vie - prosjektleiar

Ørjan Stubhaug - prosjektleiar Invest in Fjordane

Gro Rukan - leiar Helseklynga

Lise Lydersen - prosjektmedarbeidar (1 års engasjement)

Aud Ingrid Espeland - økonomiansvarleg (30 % 1 års engasjement)



SUNNFJORD
UTVIKLING

Kontakt:

Gunhild Berge Stang

Gunhild.berge.stang@sunnfjord.no

Sunnfjord Utvikling

Peak Sunnfjord
Hafstadvegen 25
6800 Førde

post@sunnfjord.no

www.sunnfjordutvikling.no

Følg oss på:



Sunnfjordutvikling